



Hjelmeland kommune
Vågavegen 116
4130 Hjelmeland

Saksbehandlar, innvalstelefon

Johan Tore Rødland, 51 56 89 38

Søknad om utsleppsløyve Mowi Nutrition Hjelmeland - Utlegging til offentlig innsyn

Fylkesmannen ber kommunen legge eit eksemplar av søknaden ut til offentlig innsyn. Fylkesmannen vil ein av dei nærmaste dagane leggje ut ei kunngjering i avisene og på <http://www.fylkesmannen.no/Rogaland/Hoyringar/>.

Vi ber dykk også om å uttale dykk og sende eventuelle merknader til søknaden til Fylkesmannen i Rogaland innan 8 veker.

Bakgrunn

Marine Harvest Markets Norway AS har 10.01.2019 søkt Fylkesmannen om løyve etter forureiningslova § 11 for produksjon av inntil 10000 tonn lakseolje og 6000 tonn lakseprotein ved nytt produksjonsanlegg på Hundsnes, Hjelmeland kommune.

Verksemda har i etterkant opplyst at det nye produksjonsanlegget innan kort tid skal endre namn til Mowi Nutrition Hjelmeland. Fylkesmannen vil dermed nytte namnet Mowi Nutrition Hjelmeland i vidare sakshandsaming av søknaden..

Nytt produksjonsanlegg er lokalisert i same område som Marine Harvest Norway AS avd. Industri (Rygro). Denne verksemda fekk nytt utsleppsløyve 26.11..2014, som også omfattar eksisterande produksjon av lakseolje og lakseprotein i tidlerare «Rygro».

Eininga det nå er søkt løyve til kjem i tillegg til eksisterande produksjon, og vil ikkje medføre endringar i eksisterande løyve 2014.0609.T

Den nye produksjonsanlegget vil primært nytta biprodukt frå lakseslakteriet via røyrledning,, men ønskjer på sikt også å ta imot råvarer levert med lastebil/tankbil.

Anlegget vil verte omfatta av forureiningforskrifta kapittel 36 vedlegg I (industriutsleppsdirektivet, IED) pkt. 6.5 «Anlegg for disponering eller gjenvinning av skrotter og animalsk avfall med ein behandlingsskapasitet på over 10 tonn per dag», og skal difor i medhald av forskrifta ha eit særskilt løyve etter forureiningslova §§ 11 og 16.



Verksemda vil gå føre seg på eit etablert industriområde utfylt i sjø . Fylkesmannen er dermed ikkje kjend med moglege negative verknader for naturmangfaldet, jf. naturmangfaldlova §§ 8 og 10.

Prosessvatnet frå nytt produksjonsanlegg vil verte kopla til eksisterande utsleppsleidning med endepunkt i sjø på 109 meter djup nordvest for Raudn.

Prosessluft inkludert romlufta vil vetesta reinsa i sjøvannsscrubbar. Reinsa luft vert slept ut via pipe, mens sjøvann med kondenserte gassar vert ført til sjøresipient.

Offentleg kunngjering

Fylkesmannen vil i medhald av forureiningsforskrifta § 36-6 sørge for at søknaden vert kunngjort i Stavanger Aftenblad og Strandbuen. Utgiftene i samband med kunngjeringa vert dekt av søker. Kunngjeringsteksten følger vedlagt.

Utlegging til offentlig innsyn

Vi ber om at søknaden vert lagd ut til offentlig innsyn på kommunen sin nettstad. Saka skal liggje ute til offentlig innsyn i fire veker frå no av.

Søknaden vil og verte lagt ut på Fylkesmannen i Rogaland sin nettstad, sjå lenke <http://www.fylkesmannen.no/Rogaland/Hoyringar/>

Uttale – kommunal sluttbehandling

Fylkesmannen ber også om at kommunen uttaler seg til søknaden innan **8 veker**.

Vi ønskjer spesielt å vite om kommunen har informasjon om lokale forhold, knytt til helse og miljø, reguleringsplanar, interesser i området, naboar eller anna, som vi bør ta omsyn til når vi avgjer søknaden.

Av omsyn til saksbehandlinga, ber vi om at de uttalar dykk og sende oss eventuelle merknader til søknaden innan åtte veker etter at de har motteke dette brevet. Dersom kommunen har treng utvida frist til uttalen, ber vi om tilbakemelding på dette.

Utskrift frå den kommunale sluttbehandlinga skal sendast Fylkesmannen.

Med helsing

Marit Sundsvik Bendixen
ass. fylkesmiljøvernssjef

Johan Tore Rødland
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:
Kunngjeringstekst Stavanger Aftenblad og Strandsbuen

Kopi til:
MARINE HARVEST MARKETS NORWAY AS Postboks 4102 Sandviken 5835 BERGEN





Fylkesmannen i Rogaland

Mowi Nutrition Hjelmeland – Søknad om løyve etter forureiningslova for nytt anlegg for produksjon av lakseolje og lakseprotein – Utlegging til offentleg gjennomsyn.

Mowi Nutrition Hjelmeland (tidlegare Marine Harvest Markets Norway AS) har den 10.01.2019 søkt Fylkesmannen om løyve etter forureiningslova, jf. §§ 11 og 16 for nytt planlagt anlegg for produksjon av inntil 10000 tonn lakseolje og 6000 tonn lakseprotein.

Verksemda er planlagt lokalisert på gnr./bnr. 65/76 i Hjelmeland kommune, besøksadresse Hunnesvegen 151, 4130 Hjelmeland. Produksjonen er omfatta av forureiningsforskrifta kapittel 36 vedlegg I (IED-direktivet) pkt. 6.5 «Anlegg for disponering eller gjenvinning av skrotter og animalsk avfall med ein behandlingsskapasitet på over 10 tonn per dag».

Mogleg forureining vil vere utslepp av lukt samt utslepp av organisk stoff til sjøresipient i Askvika i Hjelmelandsfjorden. Det vil i eit eventuelt løyve verte sett krav om tiltak og fastsett grenseverdier for å avgrense utsleppa.

Søknadsdokumenta vert lagt ut til offentleg gjennomsyn på Fylkesmannen i Rogaland sin nettstad, sjå lenke <http://www.fylkesmannen.no/Rogaland/Hoyringar/>, og på nettstaden til Hjelmeland kommune.

Moglege merknader til søknaden skal sendast Fylkesmannen i Rogaland, postboks 59 sentrum, 4001 Stavanger eller per e-post til fmropost@fylkesmannen.no innan 4 veker frå kunngjeringsstidspunktet.